

# Soga om nedstiginga i dødsriket

Omsett av Odd Einar Haugen



Medieval Nordic Text Archive 2016

*This work is licensed under a  
Creative Commons Attribution-ShareAlike 4.0 International License*

Sats: Alex Speed Kjeldsen på grunnlag av Emacs org-mode  
med Xe<sub>La</sub>TeX og KOMA-Script

Skrift: Andreas Stötzners “Andron Corpus”

Forsideillustrasjon: Bayerische Staatsbibliothek, Clm 835, f. 059. Psalter (Munich Golden Psalter). England [Gloucester?], første fjerdepart av 1200-talet.

Version 1.0

## Innleiing

*Niðrstigningar saga* er ei omsetjing av den andre halvparten av det apokryfe Nicodemus-evangeliet. Denne delen av evangeliet går under tittelen *Descensus Christi ad Inferos*, og har fått namnet *Niðrstigningar saga* på norrønt. På moderne norsk har det vore naturleg å velje tittelen *Soga om nedstigninga i dødsriket*.

Omsetjinga kan ha vore gjort så tidleg som på slutten av 1100-talet, og er kjend gjennom fire mellomalderlege og eit nyare handskrift. Alle er islandske. Av dei fire mellomalderlege handskriftene er det berre eitt som er fullstendig, AM 645 4to (ca. 1225–1250). Det er teksten i dette handskriftet som omsetjinga byggjer på.

Carl Richard Unger var den første som gav ut *Niðrstigningar saga*. I hans samleutgåve *Heilagra manna sögur* frå 1877 står dei fire mellomalderlege versjonane først i band 2. Unger gav ut tekstane diplomatarisk, dvs. i unormalisert norrønt.

Seinare har underteikna gjeve ut *Niðrstigningar saga* etter AM 645 4to i normalisert ortografi og dessutan ei omsetjing til moderne norsk. Begge er å finne i *Norrøne tekster i utval* frå 1994.

Den omsetjinga som følger her, er identisk med den eg publiserte i 1994 med unntak av ei mindre retting, nemleg at eg ikkje lenger brukar kløyvd infinitiv (*vera* vs. *kaste*), men gjennomført e-infinitiv. Elles kan nok mange synast at den nynorske språkføringa er på den konservative sida i denne omsetjinga. Det gjer det mogleg å halde omsetjinga tettare til originalen, men det kan også skape avstand for dei som ikkje er fortrulege med nynorsk. Eg håpar likevel at omsetjinga er lettare å lese enn originalen!

Odd Einar Haugen  
1. oktober 2016

# Soga om nedstiginga i dødsriket

## Kap. 1

Dei to brørne Karinos og Levkios, søner av Simeon den gamle, fortel såleis om Kristi nedstiging i dødsriket i den boka dei skreiv om korleis Kristus førte Adam og alle dei andre opp derifrå. Og jamvel om det som er skrive om dette, ikkje er lagt fram som dei andre heilage skriftene, skal ein ikkje mistru det av den grunn. Denne boka er kalla Frelsarens verk. Dei seier at Nikodemus, Herrens læresvein, har skrive henne.

Vi stod på noko som såg ut til å vere ein voll, fortalde dei, og der var Adam og alle patriarkane og profetane. Der var skodde, mørker og vondt å vere. Då skjedde det forunderlege og merkelege at brått skein det eit fagert og bjart lys over oss alle likesom det kom frå sola. Adam, far til manneætta, og alle patriarkane og profetane jubla og sa: “Dette lyset må kome frå Gud, som har lova oss å sende lyset sitt.” Profeten Jesaja tala då og sa: “Dette lyset er av Gud, slik eg sa då eg levde på jorda: ‘Sebulon-landet og Naftali-landet, som ligg på hi sida av Jordan og er vegen til havet for folket i Galilea. Det folket som bur i mørkret, skal sjå eit stort lys, og for dei som bur i skuggelandet av døden, er det gjort eit lys. No er det lyset kome over oss, som eg spådde skulle kome, for sanneleg sit vi her i døds mørkret. Men no skal vi gledast storleg over dette lyset.”

Far vår Simeon kom gåande bort til oss, då heile folkemengda var samla, og i stor glede tala han til Guds vener: “Lovpris Herren vår, Jesus Kristus, for eg tok honom i famn då han var eit barn og bar han til kyrkje. Då vart eg kveikt av Den Heilage Ande, og eg song desse versa ‘Herre, no lèt du tenaren din fara herifrå’ heilt til endes.” Alle Guds heilage tok vel imot denne talen.

Då kom det gåande mot dei ein mann som dei ikkje kjende. Det var ein hæv mann, og han såg ut som han kom frå øydemarka. Dei spurde kva han heitte og om han hadde noko nytt å fortelje. Han sa at han heitte Johannes, “og eg var røysta som kalla i øydemarka og førerennar for Guds son på jorderiket. Eg fortalde menneskja at Guds son var komen ned til dei, for å gje frelse til dei som

ville ta imot. Då eg såg at Jesus kom for å tale med meg, vart eg kveikt av Den Heilage Ande, og eg sa: 'Sjå der er Guds lam.' Eg døypte han i elva Jordan, og då såg eg at Den Heilage Ande kom over honom lik ei due, og eg høyrde ei røyst frå himmelen som sa: 'Dette er Son min, han som eg elskar, han som eg har hugnad i.' Og no kan eg fortelje dykk at eg har fare i førevegen for honom for å bu dykk på at det no er stutt tid til Guds son sjølv kjem ned frå himmelen for å vitje oss, vi som sit her i døds mørkret."

## Kap. 2

Då Adam, vår fyrsteskapte far, fekk høyre at Jesus var døypt i Jordan på den tida då Johannes fr frå jorderiket, vart han storglad og vende seg til sonen sin og sa med honom: "Set, son min! Fortel til patriarkane og profetane det som erkeengelen Mikael fortalde deg, då eg sende deg til Paradis for å be Vår Herre om han kunne sende meg den oljen som kjem frå nådens oljetre, så eg kunne smørje lekamen min med den då eg var sjuk, og bli frisk att." Set gjekk då dit patriarkane og profetane var. Han spurde og tok til å tale: "Det hende," sa han, "den gongen eg fr i ærende for far min at eg kom for seint til portane i Paradis. Der var brennande eld for å stengje kvar mann ute, og der var englar for å stå imot alle djevlar og åndene til syndige menneske. Då ferda mi vart hindra på dette viset, stogga eg og bad til Gud. Då synte erkeengelen Mikael seg og sa: 'Herren har sendt meg til deg. Eg er sett til å ha omsut for kvart menneske. Eg skal seie deg, Set, at du treng ikkje kome og be med tårer at far din får den oljen som er i Paradis, endå om han er alvorleg sjuk. Den oljen får han ikkje herifrå før det er gått fem tusen og fire hundre år, men då skal den kjære Guds son, Kristus sjølv, kome til jorderiket, og han skal lækje mange sjuke menneske, og somme skal han vekkje opp frå dei døde. Då skal Kristus sjølv bli døypt i elva Jordan. Når han stig opp or vatnet, skal han la alle som trur på honom, bli smurde med nådens olje, og den oljen skal gje attføding til æveleg liv for dei som fødest på nytt av vatn og Den Heilage Ande. Det skal òg skje at den kjærlege Guds son, Jesus Kristus, vil stige ned under jorderiket, og då skal han føre Adam, far din, til Paradis og nådens tre.'" Alle patriarkane jubla over denne talen til Set.

### Kap. 3

Medan dei gledde seg storleg over dette, som ventande var, skjedde det at jøtulen Satan, hovdingen i dødsriket, han som stundom har sju hovud og stundom tre, andre gonger lik ein drake, han som er motbydeleg og fælsleg og forferdeleg på alle vis, hadde lagt råd med jøtular og djevlar og alle dei stortrolla som er i dødsriket, og sa til dei: “Ver no budde til å ta og gripe Jesus, som trur han er Guds son, endå om han er eit menneske. Det kan eg sjå av di han ottast døden. Han er også den som har gått meg mest imot og alltid vore den argaste fienden, og mange menneske som eg har gjort blinde og kryle, spedalske og galne, har han lækt med orda sine.”

Dei tala og svara honom: “Vi kan ikkje vite at det er som du seier. Men det veit vi og det kan vi sjå, at du ikkje har ført oss nokon mann, herre, som har brote ned makta di og riket ditt og knust det, slik som han du no seier talar i redsle. Det trur vi di meir og det vil vi seie deg vår meining om, at der han kjem er han allmektig i guddomen, og på jorda er det ingen som kan stå seg mot manndomen hans.”

Då sa hovdingen over mørkret: “Kvifor evar de og ottast for å gripe denne mannen Jesus, som er både min og dykkar uven. Eg freista honom og vakte jødefolket til fiendskap mot honom. Eg har funne tre til krossfestinga, [blanda eddik til drikke], og eg har fått kvesst eit spyd til å leggje i honom. No er det berre stutt tid til han skal døy, og eg skal føre honom hit, så han kan liggje under både dykk og meg.”

Dei svara: “Fortalde du ikkje at han hadde gjort allslags verk med sitt ord, og lækt det som du hadde skamfare og drepe? Og det veit vi at han har teke frå deg mange døde menneske, som vart haldne hos oss. Eller kven var den ordsterke som kalla på Lasarus den gongen? I fire dagar heldt vi honom her i lekkjer, men brått vart han borte for oss, og frisk og før attende på jorderiket.”

Satan, hovding over døden, svara: “Det var Jesus.” Og dei svara tilbake: “Vi sver for deg og kreftene dine og våre med at du ikkje skal føre honom hit, for då vi høyrde bodorda hans, vart vi förstøkte, og alle trælane og smiene våre skalv. Det var langt frå at vi greidde å halde Lasarus fast, for snøggare enn alt anna kasta [jorda honom opp levande]. Vi veit no at den allmektige Gud bur i denne mannen, og at han er komen her på jorda for å løyse menneskja frå syndene deira og setje dei fri til hans guddommelege liv.”

Med dette vender eg meg bort frå det som Satan og folket hans tala om.

## Kap. 4

Eg skal no fortelje om fleire underverk som skjedde på denne tida. Då opna himmelen seg og det kom fram ein kvit hest, og den hovdingen som reid hesten, var på mange slags vis gjævare enn dei fremste av andre menn. Augo hans var som eldslogen. På hovudet bar han ei krone med mange sigersteikn, og over dei andre kleda hadde han eitt som var stenkt med blod. På hoftekledet stod desse orda skrivne: "Konge over kongar og herre over herrar." Han var bjartare enn sola. Han førte med seg ein veldig hær, og alle dei som følgde honom, reid på kvite hestar. Alle var kledde i kvit silke og var overlag lyse.

Den mektige kongen såg då mot byen Jerusalem og sa: "Den snara som er lagd der, kjem til å tyne Midgardsormen." Han gøymde fiskekroken i agnet, så han var uråd å sjå i det åtet som låg der, og snøret fekk han òg gøymt så det vart usynleg. Deretter bad han nokre av sine heilage fare i førevegen og melde frå om ferda hans til dødsriket.

## Kap. 5

No skal vi halde fram der eg slapp. Medan Satan tala med følgjet sitt, hørde dei englar som ropte så høgt at det var som det skrall over alt. Dei sa: "Opne dørene dykkar, hovdingar, og lat dei ævelege portane lyftast opp, så den herlege kongen kan kome inn." Då sa folka i dødsriket til Satan: "Far bort frå bustaden vår! Om du maktar, kan du gje deg i strid med den herlege kongen. Men vi vil ikkje ha noko med honom å gjere." Så dreiv dei hovdingen sin ut av dødsriket.

Då Satan kom ut, såg han at ein svær engleflokk var komen til dødsriket. Han gjekk ikkje til møtes med dei, men skar til sides og skapte seg om til ein drake, og gjorde seg så stor at han mest kunne leggje seg rundt heile jorda. Då såg han at Jesus var døden nær i Jerusalem, og han fr snøgt dit for å rive til seg sjela hans. Men då han kom fram og trudde at han kunne sluke honom og få honom med seg, vart han biten av guddomskroken og krossen fall over honom. Slik vart han fanga som fisk på krok, mus i felle eller rev i snare, som det før var spådd. Då kom Herren vår til og batt honom, og bad englane sine halde vakt.

## Kap. 6

No skal eg fortelje om korleis dei stelte seg i dødsriket etter at Satan fr ut. Stordjevlane sa då til kjempene sine: “Ta no, grimt folk, og steng att alle portane, og set jarngrind og jarnstenger framføre. Stå hardt imot og pass godt på at de ikkje blir tekne opp herifrå eller at dei som de held fast her, blir røva frå dykk. Då Guds heilage hørde dette, sa dei til desse vonde vettene: “Opne portane, så den herlege kongen kan tre inn her!”

Då tala David, konge og profet, til Guds menn: “Det var medan eg levde og var konge i eit austerlendsk rike at eg spådde dette for dykk: ‘Pris Herren og kall på namnet hans og dei underverk han har gjort, for han har slite kopparportane og brote jarnslåene. Han har teke dei bort frå den urette veggen deira.”

Då sa profeten Jesaja: “Veit du at eg kom med den spådomen då eg var på jord, at døde skulle stå opp og dei som låg i gravene, skulle gledast. Men døden og dødsriket skulle misse sin siger.”

Då Guds heilage hørde desse orda frå Jesaja, ropte dei med stor kraft til folket i dødsriket: “Lat no opp portane, eller de skal bli overmanna!” For andre gong hørde dei ei så sterk røyst at det var som heile dødsriket skalv. “Opne dørene dykkar, hovdingar!” Då stordjevlane to gonger hørde dette ropet utanfrå at dei skulle opne opp, låst dei som dei ingenting visste og spurde: “Kven er denne herlege kongen, Herren sterk og mektig, Herren, den sterke i strid?” Då svara David: “Eg kjenner dei orda som no vart sagde, for dette spådde eg sjølv av Den Heilage Ande. No skal eg seie dykk: “Herren, sterk og mektig, Herren, den sterke i strid, han er den herlege kongen. For Herren såg ut frå sin høge heilagdom, og han såg ned frå himmel til jord så han kunne høyre klagene frå dei som ligg i lekkjer, og han kunne frelse barna av dei som er tekne av dage. Stygge og ureine folk! Lat no opp portane på det at den herlege kongen kan kome hit inn!”

Då David hadde sagt dette, kom den herlege kongen til festningsvollen i dødsriket. Der braut han ned murane og opna ein svær port. Han synt seg i manns skapnad med eit så sterkt lys at mørkret kvarv i dødsriket, og kvart godt menneske kom fri frå dei lekkjene som var lagde. Så stor styrke og ståk var det då han braut ned dødsriket at alle djevlane vart forferda og tok til å skjelve. Då dei fekk sjå at Kristus, guden deira, kom gåande, skoda dei alle dit og sa: “No har du vunne over oss. Du har gått hardt mot oss og freista å svivørde oss. Dette er eit underverk og ei makeløyse; du såg ut til å vere ring og liten, og mest lik ein træl,



død på krossen og lagd i grav. Men no er du komen hit for å løyse dei som er bundne, og for å løyse alt anna.”

Slik tok også alle skarvane i dødsriket til å tale: “Kvar kjem du frå, Jesus, så sterk og mektig ein mann som du er, og så rein og fri for all synd? Aldri har jorderiket, som lenge har lege under oss og vore vårt skattrike, gjeve oss ein slik dødsskatt. Han er eit ovmenne som er så uredd at han vinn over pinslene våre og ikkje fælest, men løyser menneskja or lekkjene. Skal tru om det ikkje er Jesus som er komen hit, han som Satan, hovdingen vår, sa at eine skulle rå over verda etter at han var død.”

Deretter tok Herren, den herlege kongen, til å trø under seg hovdingen i dødsriket og batt honom med logande lekkjer. Men Adam drog han med seg til sin bjartleik.

## Kap. 7

Då tok alt folket i dødsriket mot hovdingen sin med store klager og lasta honom: “Høyr no,” sa dei, “du som er hovding over fortapinga, dødsens fyrste, Beelsebub med tre hovud og til lått for englane! Kva meinte du med å love oss all herlegdom då du førte honom hit? Du har rådd deg på verste vis, for no må du sjå at Kristus kjem hit. Han driv bort dødsmørkret med lyset frå guddomen sin, og bryt ned borga vår. Han fører alle dei hærtekne herifrå, mange òg som pla sukke sårt under pinslene våre. Alt slag blir no ført ut herifrå så hans folk ikkje skal kome hit seinare. No er det slik at dei som aldri før kunne gle seg, viser seg ovmodige og attpåtil trugar oss. Høyr du Satan, fyrste over dødsriket og alt vondt, kvifor drog du han til deg? For no kjem det verken til å bli gråt eller klage her i den fæle illteven som du eig i skit og styggedom, og den gleda som du fekk av misgjerdstreet, har du tynt ved krosstreet. No kjem all di glede til å kverve, når du let den herlege kongen sjølv eggjast mot deg. Du var fælände stutt-tenkt då du gjekk på honom som var utan synd, og drog honom hit. No er du nøydd til å gje frå deg alt, endå om du ikkje vil.”

Etter dette blir det fortalt at den herlege kongen sa til alt folket i dødsriket: “No skal Satan vere att her i staden for Adam og barna hans, som er mine rettferdige.”

## Kap. 8

Då rette Gud ut handa si og sa: "Kom no til meg alle de som er i mitt bilete. De skal vite at djevelen og døden no er fordømde." Då samla dei seg alle i hop og freista å springe Vår Herre til hande. Då tok Herren Adam i høgre handa og sa: "Fred vere med deg og alle dine barn, som er mine rettferdige." Adam fall for føtene til Herren og sa: "Eg lovar og priser deg, Herre, for du drog meg opp or djupet." Fire fleire vers song han frå denne salma. Slik song også alle dei heilage, og dei fall for føtene til Herren (og sa): "Du har no kome og fullenda det som du lova og spådde gjennom lovene og profetane, at du med di makt og ved ditt krossmerke skulle føre oss frå dødsriket til herlegdomen, så ikkje døden sidan skulle herske over oss."

Etter dette gjorde Herren krossteiknet over Adam og alle dei heilage. Han tok handa til Adam og steig opp or dødsriket med ein veldig hær, og alle heilage følgde honom. Då tala David høgt og song denne salma: "Syng ein ny song for Herren!" Alle song i lag med honom og sa amen. Etter dette stod profeten Habakkuk fram og sa: "Du ville frelse folket ditt gjennom å fri dei som lid naud." Alle dei heilage svara og sa: "Velsigna vere han som kjem i Herrens namn, og Gud frelste oss til evig liv."

Då tala også profeten Mika: "Kven er slik som vår Gud? Du driv bort vondskapen vår og sigrar over syndene våre, og vitnar om din vreide mot alt vondt. Du vil vise oss miskunn. Du drap all vår vondskap og alle våre synder til minne om din død." Då svara alle dei heilage: "Slik er vår Gud æveleg og til alle tider." Så sa dei alle amen, og kvar profet tok til å syngje frå spådommane sine medan dei følgde Vår Herre.

## Kap. 9

Gud baud erkeengelen Mikael at han skulle føre Adam og følgjet hans til Paradis. Då kom to menn springande mot dei, og profetane spurde: "Kven er de som alt no er komne i lekamen til Paradis?" Den eine svara: "Eg heiter Enok, og eg vart ført hit med Guds ord. Han som følgjer meg heiter Elia, kalla thesbitaren, og han vart køyrd hit i ei eldvogn. Vi har enno ikkje døydd, men skal bie her til Antikrist kjem. Då skal vi fare dit og kjempe mot honom med guds jartegner og heilage

teikn. Han skal la oss drepe i Jerusalem, men etter tre og ein halv dag skal vi lyftast opp i skyene.

Medan Enok og Elia og alle Guds heilage tala saman, kom det gåande ein ynkeleg og ussel mann, som bar merke etter krossen på skuldrene sine. Dei spurde kven han var, og han svara: "Eg var brotsmann og gjorde altslags ilt på jorda. Jødane krossfeste meg i lag med Kristus. Men då eg såg dei underverka som skjedde, var det som eg forstod at Kristus måtte vere skaparen av alle skapnader. Difor tok eg til å be om miskunn, og eg sa: 'Kom meg i hug, Herre, når du kjem i riket ditt!' Han tok vel imot det eg sa, og svara med ein gong: 'Sanneleg seier eg deg, i dag skal du vere med meg i Paradis.' Då gav han meg dette krossmerket og sa: 'Om engelen som vaktar Paradis, nektar deg inngang, skal du syne honom krossmerket og seie at Jesus Kristus, han som no er krossfest, har sendt deg dit.' Eg tala til vaktaren av Paradis slik eg var boden. Han opna porten med ein gong, førte meg inn til høgre og sa: 'Her skal vi vente ei lita stund, for Adam, far til heile manneætta, skal snart kome hit med dei rettkomne barna sine til den krossfeste herren Kristus.'"

Då patriarkane og profetane hørde det brotsmannen sa, tok dei alle i senn til å tale: "Velsigna vere du, allmechtige Gud, som er så miskunnsam at du gjev nåde til den ufortente."

## Kap. 10

Karinos og Levkios vart ikkje funne i gravene sine etter at Kristus hadde stått opp frå dei døde, men stod opp med honom i lag med mange andre, som det står skrive i evangelia. Sidan vart Karinos og Levkios sedde hos Josef i byen Arimatea. Der skreiv dei ned tåtten om Kristi nedstiging, for dei ville ikkje tale med andre menneske, men gav boka til Nikodemus og Josef. Og dei las henne opp.

Keisar Theodosius, son av Arcadius, fann boka mange mannsaldrar seinare og hadde henne med seg til Miklagard. Der lét han boka lese opp, og så vart ho kjær og omtykt for folk i all tid. Amen.